

Årsmelding 2019

# 4H Norge



4





# Store viktige steg framover

I 2019 har 4H Norge gjennomført store delar av tiltaka i strategien om å bli større, jobbe smartare og å bli synlegare. Både fylka, sentralstyret og landsstyret har gjennomført ei rekke aktivitetar som byggjer opp om våre felles mål.

Vi hadde stor deltaking på leirar med over 4000 medlemmar på aspirant-, fylkes- og nordisk leir. Vi veit at dei som reiser på leir får med seg minner for livet, og at dette er ein viktig grunn for dei eldste til å bli i organisasjonen. Alle medlemmar over heile landet skal ha eit godt leirtilbod. Det er ein viktig del av strategien.

Vi har også gjennomført eit stort nasjonalt arrangement med felles fylkesstyreopplæring for heile landet. 4H Norge ønsker såleis å gje tillitsvalde motivasjon, støtte og opplæring i rolla som tillitsvald. På dette nasjonale arrangementet blei det også utveksla idear og erfaringar i mellom fylka. På den måten jobbar vi smart og meir effektivt. Fylkesstyra ga gode tilbakemeldingar på samlinga og opplevde å ta med nyttig kunnskap tilbake til drifta av fylket. Elles er det stor aktivitet i klubbanne, i fylka med ulike arrangement – mellom anna kurs og volleyballturneringar – og på 4H-gardane over heile landet.

Eit stort og viktig løft i den digitale plattforma vår blei iverksett då dei nye nettsidene våre vart lansert i år. Vi vonar desse vil vere eit nytig

hjelpemiddel og ein god informasjonskanal i 4H-arbeidet. Vi har vidare pågående arbeid med digitale 4H-prosjekt og utvikling av Min side.

Alt i alt kan vi sei at vi i 2019 har teke store viktige steg framover i ein nyare og meir tilgjengelig variant av 4H-Norge. Vi satsar stort på verving og vil gjerne bli fleire medlemmar i åra som ligg føre oss. Sentralstyret opplever å ha eit tett og godt samarbeid med landsstyret, fylka og tilsette. Vi vonar felles innsats vil bidra til teamrøysle og fellesskap om å nå målet vårt: Større – Smartare – Synlegare innan 2022.

Takk for eit godt arbeidsår i 4H-Norge.



Styreleiar 4H Norge





# INNHOLD

Leiar.....	3
Representasjon .....	6
Strategisk målbilete .....	8
Nasjonale prosjekt.....	18
Nordisk 4H-leir.....	20
Organisasjonsbygging .....	22
<i>Mat og naturbruk .....</i>	22
<i>Organisasjon .....</i>	24
Internasjonalt.....	32
Administrasjon .....	34

◀  
**LÆRE VED Å GJERE:** Både barn og vaksne koste seg med sjølvsykla smoothie, da 4H Agder hadde stand midt i Kristiansand. Ikkje minst kunne barna lage sine eigne insektshotell.

# 2019

## Æresmedlemmar

Martin Stavrum, Kristen Bartnes, Lars Aamodt, Leiv Sølvberg, Eivind Mjærum, og Jorit Bratteng Aanes.

## Tildelte æresdiplom

Desse fekk tildelt æresdiplom i 2019:

Torill Buar Dahl (Vestfold), Nils Arne Thorpe (Oppland), Kirsten Johanne Bøtun (Sogn og Fjordane), Hilde Skogstad Øvreås (Sogn og Fjordane), Bodil Førde (Sogn og Fjordane), Janne Helen Midttun Vervik (Sogn og Fjordane), Tom Ivar Olsen (Agder), Inger Karin Bråten (Agder) og Raymond Kirknes (Agder).

## Ordførar i landsmøtet

**Ordførar:** Simen Saxebo (Østfold)

**Varaordførar:** Thor Christian Grosås (Akershus og Oslo)

## Sentralstyret

**Styreleiar:** Siri Myhre (Vestfold)

### Sentralstyret sine medlemmar valt på landsmøtet 2018:

Torgeir Timenes Bell, nestleiar (Sogn og Fjordane)  
Helle Formo Hartz (Buskerud)  
Martin Holmen (Hedmark)  
Torbjørn Joa (Rogaland)  
Vilde-Alida Nilsen (Troms)

**1. varamedlem:** Raymond Kirknes (Agder)

**2. varamedlem:** Siri Lunde Heggebø  
(Akershus og Oslo)

**3. varamedlem:** Astrid Wehn (Trøndelag)

**Tilsetterepresentant:** Turi Elise Kaus

**Tilsetterepresentant, vara:** Beate Johansen

### Norske 4H-alumnar sin representant i styret:

Jørgen Vaaden

### 4H-gård Norge sin representant i styret:

Ole Mathis Opstad Kruse

## Landsstyret

Frå landsmøtet 2018 har vi hatt eit landsstyre som består av sentralstyret, fylkesstyreleiarane, 4H-gård Norge og Norske 4H-alumnar.

Styreleiar Siri Myhre er også leiar i landsstyret.

## Landsmøtet

Landsmøtet er 4H Norge sitt høgaste organ og vert avhalde annakvart år i førekant av landsleiren. Landsmøtet vedtok mellom anna ny styringsmodell og ny strategi for perioden 2018–2024. 4H skal bli større, jobbe smartare og bli meir synleg.

## Medlemsorganisasjonar

Det Kongelige Selskap for Norges Vel, Det norske Skogselskap, Norges Bondelag, Norges Skogeierforbund, Norges Bygdekinnelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Jeger- og Fiskerforbund.

## Samarbeidsorganisasjonar

Landbruks- og matdepartementet, Norsk Landbruks samvirke, Gartnerhallen SA, Geno SA, Gjensidige Forsikring ASA, Hoff SA, Honningcentralen, Landkreditt SA, Norsk Sau og Geit, Norske Felleskjøp SA, Norges Pelsdyralslag, Norsvin SA, Nortura BA, Tine SA, TYR, Norsk Landbruksrådgivning, Norsk Friluftsliv, Rural Youth Europe, 4H the Gambia, LNU, Frivillighet Norge, Av-og-til, Det Norske Hageselskap, Norges Bygdeungdomslag, Studieforbundet Natur og Miljø, fylkesmennenes landbruksavdelingar og fylkeskommunane.



▲  
**SOSIALT, AKTIVT OG MOROSAMT:** Det har vore eit målretta og strategisk arbeid for at fleire born og unge skal få kjennskap til moglegheita for ei sosial, aktiv, lærerik og morosam fritid i 4H.

## Styret i Norske 4H-alumnar (N4HA)

**Leiar:** Jørgen Vaaden

**Nestleiar:** Kim Nessa

**Kasserar:** Jonas Øisund

**Sekretær:** Thea T. Hovda

**Styremedlem:** Silje-Merethe Wold

**Styremedlem:** Trond Sandstad Sletvold

**PR-ansvarleg:** Martha Knapp

**1. varamedlem:** Rut Vold

Styret blei valt på N4HA sitt årsmøte 21.07.19.

## Styret i 4H-gård Norge

**Leiar:** Astrid Lindstad

**Styremedlem:** Heidi Tønnesen

**Styremedlem:** Sigurd Årskaug

**Styremedlem:** Jessica Kennedy-Barlaup

**1. varamedlem:** Eirin Ingeborg Bjune

**2. varamedlem:** Therese Kjekvik

**Sentralstyret sin representant:** Ole-Mathis Kruse

Styret blei valt på 4H-gård Norge sitt årsmøte 02.02.19.



**4H skal bli større med fleire medlemmar og  
større deltaking på arrangement i heile landet.**

# Strategisk målbilete 2018–2024

## Større

Det har vore eit målretta og strategisk arbeid for at fleire born og unge skal få kjennskap til moglegheita for ei sosial, aktiv, lærerik og morosam fritid i 4H.

### Verving

Det blei i 2019 gjennomført tre verveperiodar, der det var lagt til rette for verving i klubb og fylke. Det blei mellom anna utvikla verve- og informasjonsmateriell og profileringsutstyr, samt opna for betaling av nye medlemskap via Vipps. For å bygje ein kultur for verving vart det delt vervetips og vervetopper, og gjennomført både vervekonkurransar og verveopplæring på styrevervskurs.

### Aktivitet

God aktivitet er viktig for å vere ein stor og attraktiv organisasjon. Mellom anna har 4H-arar hatt mogelegheita til å delta på kurs, leirar og volleyballturneringar, i tillegg til at mange 4H-arar reiste til nordisk leir på Bornholm i Danmark. Handlingsplanen seier at det skal vurderast å arrangere eit stort nasjonalt arrangement i tillegg til landsleir/nordisk leir. Det

blei i 2019 gjennomført ei kurshelg for alle fylkesstyra, der dei vedtok å utvide kurshelga frå kommande år, slik at fleire medlemmar får teke del i den nasjonale kurshelga.

### Kløvermedlem


Som ein del av satsinga på å bli større, er det utvikla velkomstpakkar for kløvermedlemmar, for å gjere medlemskapet deira meir attraktivt. Kløvermedlemskap er eit rekrutteringsmedlemskap for barn mellom fire og ni år. I tillegg til medlemsblad og invitasjon til opne arrangement, skal det no også innehalde aktivitetspakkar og aktivitetshefte.

►  
*Gode aktivitetar er viktig for å vere ein stor og attraktiv organisasjon for barn og unge over heile landet.*



## 4H NORGE – MEDLEMSTAL 2019

FYLKESNAVN	ALUMN	ARRANGEMENT	HØVUDMEDLEM	KLOVERMEDLEM	STØTTEMEDLEM	SØSKENMEDLEM	TOT. MEDLEMSTAL 2019	KLUBBRÅDGIVARAR 2019	TOT. INKL KLUBBRÅDGIVARAR 2019	TOT. MEDLEMSTAL 2018	2019 UNDER 26 ÅR
4H ØSTFOLD	48		546	25	14	213	846	95	941	919	817
4H AKERSHUS OG OSLO	56		287	39	8	90	480	61	541	494	444
4H HEDMARK	27		462	22	19	180	710	89	799	774	685
4H OPPLAND	54	1	303	21	29	106	514	67	581	543	473
4H BUSKERUD	50	1	545	41	15	170	822	103	925	836	788
4H VESTFOLD	72	3	339	16	9	116	555	67	622	640	522
4H TELEMARK	11	4	150	17	1	44	227	44	271	260	219
4H AGDER	31		241	9	16	112	409	71	480	478	376
4H ROGALAND	34	1	879	24	36	372	1 346	167	1 513	1 439	1 300
4H HORDALAND	61		670	30	11	264	1 036	127	1 163	1 019	1 007
4H SOGN OG FJORDANE	94	1	848	43	7	426	1 419	210	1 629	1 501	1 375
4H MØRE OG ROMSDAL	58		327	66	7	126	584	114	698	600	558
4H TRØNDELAG	126		1 255	104	17	533	2 035	277	2 312	2 203	1 972
4H NORDLAND	35	85	123	44	17	26	330	42	372	424	293
4H TROMS	13	1	103	36	6	54	213	53	266	250	201
4H FINNMARK	15	1	43	42	22	11	134	26	160	110	99
4H IFYE	42						42		42	39	6
<b>Sum 2019</b>	<b>827</b>	<b>98</b>	<b>7 121</b>	<b>579</b>	<b>234</b>	<b>2 843</b>	<b>11 702</b>	<b>1 613</b>	<b>13 315</b>	<b>12 529</b>	<b>11 135</b>
Sum 2018	942	130	7 629	594	249	2 985	12 529	1 637	14 166		
Sum 2017	905	98	8 043	584	201	3 156	12 987	1 636	14 623		
Sum 2016	898	79	8 301	518	194	3 206	13 196	1 753	14 949		
Sum 2015	907	92	8 769	549	100	3 284	13 701	1 754	15 455		
Sum 2014	946	78	9 050	528	10	3 365	13 977	1 589	15 566		
Sum 2013	867	78	9 048	473	14	3 447	13 927	1 700	15 627		
<b>Endringar 2018-2019</b>	<b>-115</b>	<b>-32</b>	<b>-508</b>	<b>-15</b>	<b>-15</b>	<b>-142</b>	<b>-827</b>	<b>-24</b>	<b>-851</b>		



I 4H er det sosialt, aktivt og morosamt  
– der har du nærmere 12 000 venner  
du enda ikke kjenner.





**4H skal jobbe smartare digitalt og utvikle rutinar og malar som gjer det enklare å vere medlem, tillitsvald og tilsett i 4H.**

## Smartare

### Ny nettside

Ny nettside var lenge eit ønske i organisasjonen, og i 2019 blei dei nye sidene lansert. På [www.4h.no](http://www.4h.no) finnes ei nasjonal side, i tillegg har alle fylka eigne fylkessider, med aktuelt-saker, arrangement og meir fylkesspesifikk informasjon. De nye nettsidene skal være ei god verktøykasse for alle i organisasjonen, uansett om du er medlem, tillitsvalt, føresette eller samarbeidspartner.


På nettsidene finnes mellom anna:

- Nedlastingssenter: der alle viktige dokument er samla
- Ressurssider: komplett verktøykasse for klubbane og fylka
- Kontaktseite klubbane: kontaktinfo til klubbane listes ut

### 4H-prosjekt

4H-prosjekta er ein av pilarane i 4H. I 2019 ble det gjennomført 8 903 4H-prosjekt. Dei mest populære 4H-prosjekta er knytt til 4H sin kjerneaktivitet innan mat og friluftsliv, og i tillegg fotografering. Mange vel òg «Fritt val»-prosjekt og lager eigne opplegg for prosjekta sine. I påvente av ny digital prosjektplattform ble det ikkje utvikla nye 4H-prosjekt i 2019.

Når ein har gjennomført sju godkjende prosjekt og 4H-år, får ein den høgaste utmerkinga i 4H: Plaketten. I 2019 var det 578 nye plakettmottakarar.



### Digitalisering av 4H-prosjekta

Arbeidet med utvikling av digitale 4H-prosjekt heldt fram i 2019. Dei tre frivillige gruppene – prosjektgruppa, framtidsambassadørar og framtidsklubbar – har utvikla, designa og testa ei ny digital prosjektplattform. Arbeidet tok utgangspunkt til tilbakemeldingar og idear frå over 500 aktive 4H-arar og klubbrådgivarar. Den nye digitale prosjektplattforma vert lansert i 2020.



Eit stort og viktig løft i den digitale plattforma vår blei iverksett då dei nye nettsidene vart lansert i år. Vi vonar desse vil vere eit nyttig hjelpemiddel og ein god informasjonskanal i 4H-arbeidet.

### Utveksling mellom fylkesstyra

Etter samlinga på Gardermoen for medlemmane i fylkesstyra ble det oppretta ei felles Facebookgruppe for alle fylkesstyra og sentralstyret. Det ble også laga ei mappe på 4H si skyløsing der diverse dokument og filer, som er relevante for drifta i fylka, vert lagt ut og der fylka sjølv deler sine malar og dokument. Desse to grepa har ført til god utveksling mellom fylka og ført til at ting blir meir og meir likt i dei ulike fylka.

### Møtebok, kassabok og året rundt

Arbeidet med å digitalisere møteboka, kassaboka og året rundt blei starta i 2019.

### 15 MEST POPULÆRE 4H-PROSJEKT

4H-PROSJEKT	TAL
Fritt valg	2 942
Aspirant	1 245
4H-fotografen	550
Baker'n	508
Friluftsliv	460
Vi baker	337
Aspirant, bokmål	333
Form og fantasi	235
Vi lagar leir	193
Hund	190
4H-kokken	151
Bli med ut	148
Jakt og fangst	109
Husdyra	106
Mekking	96
<b>Totalt</b>	<b>8 903</b>

### FORDELING AV 4H-PROSJEKT PÅ TEMA

FAGOMRÅDE	TAL
Aspirant	2 328
Kultur og idrett	1 890
Landbruk	1 312
Friluftsliv	985
Samfunn	748
Kosthold og mat	702
4H-arbeid	544
Fritt val	394
<b>Totalt</b>	<b>8 903</b>

**8 903**  
4H-PROSJEKT



## 4H skal vere synlegare i mediebildet.

# Synlegare

### Kommunikasjonsstrategi

I 2019 vart det etablert ei arbeidsgruppe som skal arbeide med utvikling av kommunikasjonsstrategien for 4H Norge, samt tilhøyrande handlingsplan og retningslinjer. Gruppa starta strategiarbeidet, og hadde ei samling i 2019.

### Profileringsutval

Vi skal vere synlege, og 4H-arane er dei beste ambassadørane for å vise fram 4H. I 2019 vart det oppretta ei Facebook-gruppe, «Profileringsgjengen i 4H», kor medlemane gir innspel til kva slags kule 4H-produkt og premiar, som skal produserast. Målet er at flertialet av medlemane (opptil 18 år) tek del i gruppa, og bidreg i profilingsarbeidet i 4H.

### Ulike synleggjerdings-kanalar i 4H

Målet er å ha oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon i kanalane våre. Vi skal vere aktive og til stades i dei kanalane der hovudmålgruppa vår, barn og unge i medlemsalder, er. Målet er å skape ein tett dialog og dele hendingar knytt til 4H.

### Medlemsblad

AKTIViTET hadde i 2019 to utgåver, med eit opplag på 11 000 pr utgåve. Det er ei auke i opplaget på 1,38 prosent samanlikna med året før.

AKTIVITET			
	2018	2019	Endring
Opplag nr 1	11 200	11 000	-1,79 %
Opplag nr 2	10 500	11 000	4,76 %

Kjelde: 4H Norge

### Nettside

I 2019 var talet på brukare av 4H Norge si nettside 119 926. Det er ei auke 14,90 prosent frå året før.

I 2019 lanserte vi nye nettsider. Les meir om dei nye nettsidene under kapitelet Smartare.

4H.NO	2018	2019	ENDRING
Tal på brukarar	104 375	119 926	14,90 %
Tal nye brukarar	99 127	112 703	13,70 %
Gjennomsnittleg sider besøkt pr økt	3,84	3,65	- 4,84 %
Gjennomsnittleg besøkstid	3 min 18 sek	3 min 2 sek	- 8,23 %

Kjelde: Google Analytics

## Facebook

Facebook blir brukt aktivt til deling av nyheter, informasjon om arrangement, kurs, fristar og meir til.

FB	2018	2019	ENDRING I TAL	ENDRING I %
Totalt tal følgjarar	7 419	7 666	247	3,33 %
Likarklikk	7 582	7 809	227	2,99 %

Kjelde: Facebook

## Instagram

Gode visuelle videoar/bilete og korte tekster skal bidra til at følgjarane skal komme på innsida og få ei kjensle av kva 4H er. Tal følgjarar Instagram pr. 31.12.2019: 2 725.

## Informasjon til 4H-klubbane

Klubbservice er eit elektronisk informasjonsskriv som blir sendt til alle 4H-klubar. Sjølvé skrivet inneholder relevant informasjon, slik at 4H-arane kan skape aktivitetar lokalt. Det blei sendt to utgåver av klubbservice i 2019 – éin på våren og éin på hausten.

## Presseoppslag

Totalt var det 1543 treff/presseklipp på 4H Norge sin profil på medieovervakingstenesta til m-Brain i 2019. Av desse var fordelt slik:

FORDELING AV PRESSEKLIPP	Artiklar
Nasjonale artiklar	49
Regionale artiklar	14
Lokale artiklar	1 309
Annan dekning	171

Det er 4H-arane som er 4H. Som aktive medlemmar er dei gode ambassadørar for organisasjonen, og kan vere med på å synleggjere og framsnakke 4H. ▶

LEIRAR	Artiklar/treff
Nordisk 4H-leir Bornholm	35
Fylkesleirar	52
Aspirantleirar	3

HAUST- OG PLAKETTFESTAR	Artiklar/treff
Haustfestar	76
Plakettfestar	53

Det har også vore til dels god dekning i media av lokale arrangement. 4H i fylka har såleis gjort seg synlege i lokalsamfunn over heile landet.



# Nasjonale prosjekt

## Oppdag!

Målet for prosjekt Oppdag! var å skape aktive nærmiljø, og det skal gjerast gjennom friluftsaktivitet for fleire. Det var mykje aktivitet knytt til dette nasjonale friluftslivprosjektet i 2019.

### Prosjektet har tre tiltak:

**Friluftsheltar:** Friluftsheltkurset er organisert i to trinn, der det blir utdanna instruktørar nasjonalt, som vidare held kurs i sitt eige fylke for 4H-medlemmar. I 2019 vart del 2 og del 3 av opplæringa gjennomført. Det vart utdanna 13 nye instruktørar. I november 2019 starta ei ny gruppe på sin instruktøroplæring, her var det 18 deltakrar. Opplæringa har nå ein integrert plass i 4H Norge sin opplæringsplan, og vert vidareført i 4H si ordinære kursverksemd.

**Workshop utedat:** Eit av tiltaka i prosjektet var å gjennomføre workshop utedat, og gjennom desse samle inn bilet og oppskrifter, som skulle resultere i ei aktivitetsbok. «Turmiks» – ei knippe med oppskrifts-kort, aktivitetskort og kunnskapskort – blei ferdig i 2019. Alle 4H-klubar får tilsendt eit eksemplar.

**Aktivitetsdagar:** Gjennom lokale aktivitetsdagar på 4H-gardar og naturmøteplassar er det arrangert

ulike aktivitetar. Det har vore viktig å være synleg i nærmiljøet og det har vore mykje godt samarbeid mellom ulike organisasjoner på lokalt plan. 97 arrangement med totalt 8 804 deltakrar er gjennomført. Arrangementa har vore alt frå aktivitetsdagar til turar med overnatting, kurs og leir. Totalt er det brukt om lag 6 022 dugnadstimer.

## Ut på tur

4H Norge slutførte prosjektet Ut på tur våren 2019. Det blei gjennomført 10 lokale arrangement, med til saman 162 deltakrar på ulike friluftsaktivitetar. Dette har blant anna vore aking, mat på bål, riding, klatring og anna friluftsaktivitet i nærmiljøet.

Oppdag! og Ut på tur er støttet med prosjektmidlar frå Kulturdepartementet og Miljødirektoratet.

## Draumeplassen

I 2019 fekk 4H i fire fylke midlar frå Gjensidigestiftelsen til å gjennomføre Draumeplassen-prosjektet. Prosjektet blømte opp i tre nye fylke frå opphavet i 4H Sogn og Fjordane. Med Draumeplassen skapar born, ungdom og vaksne ein særsviktig møteplass i nærrnaturen, open for alle og som engasjerer unikt til meir friluftsaktivitet, auka kunnskapsformidling og vern om natur, samt heva psykisk og fysisk helse. 4H ønsker å bygge stein på stein, og etablere Draumeplassen i enno fleire fylke på vegen fram mot ei vonleg nasjonal satsing. Draumeplassen er støttet med prosjektmidlar frå Gjensidigestiftelsen.



I 2019 fekk 4H i fire fylke midlar frå Gjensidigestiftelsen til å gjennomføre Draumeplassen-prosjektet.

Målet for prosjekt Oppdag! var å skape aktive nærmiljø, gjennom friluftsaktivitet for fleire. Det var mykje aktivitet knytt til dette nasjonale friluftslivprosjektet i 2019.



# Nordisk 4H-leir



## Dansk draumesommar

Sommaren 2019 reiste nærmere 1000 4H-arar frå heile landet til Østermarie på øya Bornholm i Danmark for ei leirveke, som blei eit minne for livet.

På Nordisk 4H-leir fekk dei oppleve ei veka med sol, sommar og spennande utflykter, som samla ungdommar frå hele Norden og nokre fleire land. For mange 4H-arar er leir utvilsamt årets høgdepunkt.

Tema for leiren var «Community Across Borders»; vi bør stå saman over heile verda, og byggje samfunnet vårt, på tvers av landegrenser. Det er mykje uro i verden – ein uro som ikkje burde eksistere – derfor må vi samarbeide for å gjera verda til eit tryggare og hyggelegare sted for oss alle.

I løpet av veka leiren varte, var ungdommane gjennom eit variert, aktivt og lærerikt program.



# Høgdepunkt 2019



## Kronprinsen møtte 4H-arar

I høve Frivillighetens dag, besøkte H.K.H. Kronprins Haakon 4H-gården Søstrene Kjевik i Agder. Der møtte han 4H-arar, som mellom anna fortalte om 4H, og viste fram prosjekta sine. Caroline Berlin var ein av dei som møtte kronprinsen, og ho spelte inn ei videohelsing frå ham, der han helste til 4H.


Kronprinsen er 4H sin høge beskyttar.





## «Helt Naturlig»

Dagali 4H i Buskerud var med i TV-serien *Helt Naturlig*, som blei sendt i beste sendetid på NRK 1. Serien inspirerte barn, unge og familiær til eit aktivt friluftsliv, og til å ta naturen i bruk. Dagali 4H var med i episode 4 i sesong 2, der vi følgde 4H-arane på padletur ned Skurdalsvassdraget og seinare på elgjakt.



# Organisasjonsbygging

## Mat og naturbruk

### Rekruttering

4H Norge har mykje godt samarbeid med utdanningsinstitusjonane innanfor naturbruk, både fagskular og høgskular, rundt om i landet. Mange tilsette har kontorplassane sine der, og det blir arrangert leirar og kurs på desse institusjonane. 4H informerer om utdanningstilbod i land- og skogbruk.

I alt 161 kurs med tema ntaturbruk, mat og dyr, blei gjennomført rundt om i fylka – med til saman 2 525 deltakarar. I klubbane har heile 2 359 barn og unge vore på gardsbesøk.

### Samarbeidspartnarar

4H-klubbane, 4H-gardane, 4H i fylka og nasjonalt samarbeider med andre aktørar innan naturbruk og friluftsliv, faglaga i landbruket, landbrukssamvirket, naturbruksskulane, fylkesmann og fylkeskommune, kommunale landbrukskontor, landbrukselskap, friluftsråd, Forum for natur og friluftsliv, miljøorganisasjonar, studieforbund, universitet, museum, fiskarlag, kystlag, husflidslag, sogelag, vikingelag, hagelag og andre lokale lag og organisasjonar.

### Unge kokker

4H Norge samarbeidde med Unge kokker om prosjektet «Smart mat for ungdom på fritida». Gjennom prosjektet lærer 4H-arane kreativ, spanande og sunn





## **4H-lovnaden: Vi lovar å arbeide mot det mål å vertere ein ungdom med klårt Hovud, varmt Hjarte, flinke Hender og god Helse.**

matlaging. Det vart utdanna såkalla matambassadørar, som held matkurs i klubben eller på arrangement i fylket. Målet med prosjektet er å bidra til sunt kosthald og god helse blant barn og unge.

### **4H-gardsaktivitetar og samarbeid**

4H har 49 godkjende 4H-gardar og -setrar. Det er registrert nærmere 350 000 besøkande på 4H-gardane. Dette er mangfoldige pedagogiske arenaer for både born og vaksne, med eit stort mangfold av aktivitetar, som ferietilbod, opne dagar, tilbod til skular, SFO og barnehagar, kafédrift, integrering, inkludering og turisme. Alle besøka på 4H-gardane viser at det er svært mange som får kunnskap om dyrestell og dyrking gjennom aktivitetar på dag- og kveldstid og i ferietida. Alle 4H-gardane er med i 4H-gard Norge, som tilbyr nettverk, kurs, seminar og internasjonalt samarbeid.

### **Internasjonalt samarbeid**


Gjennom 4H-gard Norge sitt medlemsskap i European Federation of City Farms deltok vi på desse arrangementa i 2019: Årsmøte og seminar i Nord-Irland i april. Youth Exchange i Belgia i juli, saman med ungdom frå city farms over heile Europa. I september deltok 10 utsendingar på den europeiske city farm-konferansen i Nederland. Vårt internasjonale nettverk gir stor inspirasjon og er ei viktig kjelde til ny kunnskap.



Gjennom prosjektet «Smart mat for ungdom på fritida» vart det utdanna såkalla matambassadørar, som held matkurs i klubben eller på arrangement i fylket. Målet er å bidra til sunt kosthald og god helse blant barn og unge. Det vart gjennomført 12 kurs med til saman 250 deltakarar.



▲  
4H har 49 godkjende 4H-gardar og -setrar. Det er registrert nærmere 350 000 besøkande på 4H-gardane, som mellom anna er mangfoldige pedagogiske arenaer.



# Organisasjon

## Instruktørkurs

Kvart år arrangerer 4H Norge eit nasjonalt instruktørkurs som kvalifiserer til å halde kurs i fylka. Tidlegare har ein berre hatt opplæring i å halde styrevervkurs, men i 2019 vart opplæringstilbodet utvida med ein meir praktisk fordjuping, der ein òg kan bli instruktør for friluftslivskurs. Det har vorte ein populær fordjuping, som har auka talet på utdanna instruktørar.

Instruktøroplæringa går over to helgar, pluss praksis i eige fylke. Det er Instruktørkursutvalet (IKU), som består av seks erfarte 4H-arar, som har ansvaret for fagleg innhald, planlegging og praktisk gjennomføring av instruktørkurset. I 2019 vart det utdanna 41 nye instruktørar.

Kvart år arrangerer 4H Norge eit nasjonalt instruktørkurs som kvalifiserer til å halde kurs i fylka.

## Anna kursverksemد

4H er medlem av Studieforbundet natur og miljø. I 2019 blei det samla, mellom lokale klubbar, fylkeslag og sentralleddet, halde 201 kurs som fekk støtte frå studieforbundet. Til saman hadde desse kursa 2 093 deltakrar, utgjorde 2 860 timer med kurs og gav kr 268 200 i tilskot. Det var registrert 11 153 dugnadstimar som blei lagt ned for å gjennomføre kursa.



## KURS MED STØTTE FRÅ STUDIEFORBUNDET NATUR OG MILJØ

MEDLEMSORGANISASJON	GJ.FØRTE KURS	TIMAR	DELTAKRAR	TIISKOT	DUGNADSTIMAR
4H Norge	201	2 860	2 093	kr 268 200	11 153

## AMATØRTEATER OG UNDERHALDNING

SPELETID	TAL PRODUKSJONAR	TAL FREMFØRINGAR	TAL SKODESPELARAR	TAL PUBLIKUM, CA
Under 20 minuttar	206	190	1 522	12 259
Mellan 20–60 minuttar	221	247	2 756	13 190
Over 60 minuttar	66	133	1 242	6 242
Summar	493	570	5 520	31 691



# Landkreditt Bank



**VOLLEYBALL ER 4H-IDRETTEN.** 4H arrangerer volleyballcup på leirar og kurs, og mange klubbar har volleyballaktivitetar.

## Volleyball / Landkreditt cup

Volleyball er 4H-idretten. 4H arrangerer volleyballcup på leirer og kurs, og mange klubbar har volleyballaktivitetar på medlemsmøta sine. Også i 2019 var Landkreditt sponsor for volleyballcupane som ble gjennomført i samband med fylka.

## 4H-klubar

4H Norge hadde i 2019 523 aktive klubbar fordelt på 16 fylkeslag. Til saman sit det 3 197 barn og unge i klubbstyre og driv 4H-klubar over heile landet. Det ble gjennomført 111 kurs i demokratiopplæring. Nokre fylke samarbeider slik at alle klubbane har tilbod om å delta i styrevorpplæringa.

Kursa gir tillitsvalde i 4H-klubbane opplæring i styrearbeid. Til saman 2 266 4H-arar deltok på styrevorkurs og andre kurs i demokratiopplæring.

### VOLLEYBALL 2019

Volleyball	2019
Volleyballtreningar	1 006
4H-arar som var på trening	4 309
Turneringar o.l. som klubben har vore på	402
4H-arar som var på turneringar	3 170

### STYREVERV I 4H-KLUBBANE

VERV	JENTE/ KVINNE	GUT/ MANN	
Leiar	338	190	528
Nestleiar	280	208	488
Kasserar	277	220	497
Sekretær	399	123	522
Styremedlem	519	445	964
Varamedlem	101	97	198
<b>Totalsum</b>	<b>1 914</b>	<b>1 283</b>	<b>3 197</b>

## **Under open himmel**

Under open himmel blei markert i samband med 4H-dagen 4. mai. 4H-arar over heile landet markerte dagen med å sove ute under open himmel. Mange arrangement var opne for andre, slik at både 4H-arar og andre inviterte hadde ei fin natt ute i det fri.

## **Markeringar**

I løpet av året har det vore mange lokale markeringar knytt til friluftsliv, i tillegg til nasjonale markeringar i samarbeid med paraplyorganisasjonen vår, Norsk Friluftsliv.

I Friluftslivets veke i september blir det kvart år gjennomført ulike arrangement. Mange 4H-klubbar markerte Friluftslivets dag (1. september). Andre markeringar i 2019 var Skogdagen og Kystens dag også strandryddedagen blei markert med ulike ryddeaksjonar rundt om i landet.

STYREVERV I 4H-KLUBBANE		
	JENTE	GUTT
Leiar	64%	36%
Nestleiar	57%	43%
Kasserar	56%	44%
Sekretær	76%	24%
Styremedlem	54%	46%
Varamedlem	51%	49%
Totalt tal styremedlemmar	1 914	1 283
Prosentvis fordeling kjønn	60 %	40 %

LEIRAR	TAL	DELTAKARAR
Aspirantleir	13	807
Fylkesleir	13	2 418
Nordisk leir	1	841
Totalt	27	4 066



*Under open himmel blei markert i samband med 4H-dagen 4. mai. 4H-arar over heile landet markerte dagen med å sove ute under open himmel.*

DIVERSE ARRANGEMENT I KLUBBANE		AKTIVITETAR	DELTAKARAR
Friluftsaktivitetar		1 519	17 364
Landbruksaktivitetar		183	2 782
4H-gard eller gardsbesøk		227	2 359
Kyst- og sjøaktivitetar		206	3 137
Matlagingsaktivitetar		907	10 263
Andre aktivitetar		1 460	18 985
<b>Sum aktivitetar i klubbar</b>			<b>54 890</b>

FYLKE	KLUBBAR 2018		KLUBBAR 2019		4H-GARDAR OG -SETRAR	
	TELJANDE KLUBBAR 2018	TOTALT	TELJANDE KLUBBAR 2019	TOTALT	2018	2019
Østfold	30	32	29	29	4	5
Akershus/Oslo	23	24	21	22	2	2
Hedmark	29	30	30	30	2	2
Oppland	26	30	23	25	2	2
Buskerud	30	31	29	29	2	2
Vestfold	22	24	20	21	1	2
Telemark	17	20	16	20	1	1
Agder	23	25	21	23	1	2
Rogaland	36	36	36	36	2	1
Hordaland	38	38	36	38	1	1
Sogn og Fjordane	68	72	67	69	6	6
Møre og Romsdal	34	37	31	35	2	2
Trøndelag	85	96	88	97	7	7
Nordland	24	29	18	25	7	7
Troms	14	17	12	16	4	4
Finnmark	3	4	4	7	3	3
4H Norge		1	1	1		
<b>Sum</b>	<b>502</b>	<b>546</b>	<b>482</b>	<b>523</b>	<b>47</b>	<b>49</b>



◀ I løpet av året har det vore mange lokale markeringar knytt til friluftsliv, i tillegg til nasjonale markeringar i samarbeid med paraplyorganisasjonen vår, Norsk Friluftsliv.

Klubbrådgivarar er ein viktig ressurs i 4H. Dei er vaksne frivillige som har som oppgåve å støtte klubbane og spesielt klubbstyra. ▶



## Klubbrådgivarar

I 2019 hadde 4H 1 613 registrerte klubbrådgivarar, vaksne frivillige som har som oppgåve å støtte klubbane og spesielt klubbstyra. Det blei gjennomført klubbrådgivarsamlingar der dei vaksne fekk opplæring, inspirasjon og høve til å utveksle erfaringar.

## Fylka

Det er stor og god aktivitet i fylkeslaga. I 2019 blei det gjennomført 16 ordinære fylkesårsmøte, 13 fylkesleirar med 2 418 deltakarar og 13 aspirantleirar med 807 deltakarar.

Det ble i 2019 gjennomført fylkesstyreopplæring for alle landets fylker. Opplæringa blei gitt både fylkesvis, regionalt og nasjonalt. Det vert jobba vidare med å utvikle

KURS		
KURS TYPE	TAL	DELTAKARAR
Demokratiopplæring	111	2 266
Kultur	85	719
Friluftsliv	89	1 917
Natur og landbruk	90	1 602
Volleyball og sport	31	414
Matskole og matkurs	58	771
Anna	34	919
Leiar på leir/kurs	54	1 262
Samfunn	19	131
4H-gard, seter og sommarklubb	13	152
Klubbrådgivarsamling	10	284
Trygg i 4H	2	17
Vaksenleiar	1	30
Utveksling	1	14
<b>Sum total</b>	<b>598</b>	<b>10 498</b>

KLUBBRÅDGIVARAR PR FYLKE	
FYLKE	TOTALT
4H Østfold	95
4H Akershus og Oslo	61
4H Hedmark	89
4H Oppland	67
4H Buskerud	103
4H Vestfold	67
4H Telemark	44
4H Rogaland	167
4H Hordaland	127
4H Sogn og Fjordane	210
4H Møre og Romsdal	114
4H Nordland	42
4H Troms	53
4H Finnmark	26
4H Agder	71
4H Trøndelag	277
<b>Totalsum</b>	<b>1 613</b>

## FYLKESSTYRELEIARAR

4H Agder	Tom Ivar Olsen
4H Buskerud	Hege Pyntari
4H Finnmark	Mona Danielsen
4H Hedmark	Magnus Rohde Moslet
4H Hordaland	Janniche Næss Bergås
4H Møre og Romsdal	Berit Fredriksen
4H Nordland	Grete Nytrøen Kvavik
4H Oppland	Synnøve Bratvold
4H Oslo Akershus	Sigurd Vestreheim / Christine Lindgren
4H Rogaland	Mari Aksdal Hermansen
4H Sogn og Fjordane	Eirik Hortemo Vikøren
4H Telemark	Helge Nærumb
4H Troms	Christian Havnnes Giæver
4H Trøndelag	Haakon Rønvik/Rodgeir Geving
4H Vestfold	Mariann Hegg
4H Østfold	Nina Bredesen Granum

dei ulike opplæringsmodulane. Målet med fylkesstyreopplæringa er nettverksbygging, erfaringsutveksling, refleksjon, debatt, deling og systematisk opplæring.

### Kretsar

Sekretariatet i 4H Norge er delt inn i fire kretsar med kvar sin regionkoordinator:

**Nord:** Finnmark, Troms og Nordland

**Midt:** Trøndelag, Oppland og Hedmark

**Øst-Sør:** Akershus og Oslo, Østfold, Vestfold, Telemark, Buskerud og Agder,

**Vest:** Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

### Landsstyret

Landsstyret som består av fylkesleiarane, sentralstyret og representantar frå Norske 4H-alumnar (N4HA) og 4H-gard Norge, blei oppretta på landsmøtet i 2018. Det har

vore to landsstyremøte – begge på Gardermoen, i 2019.

Møtet i april var saman med fylkesstyreopplæringa, med landsstyremøte berre søndag. Møtet i oktober var eit reint landsstyremøte, frå fredag til søndag.

Landsstyret diskuterer overordna saker med særleg vekt på dei sakene som har konsekvensar for fylka, eller der dei har viktige synspunkt. Det har vore saker som vervestrategi for fylka, retningslinjer for forholdet mellom tilsette og tillitsvalde, oppgåvefordeling i sekretariatet og normalvedtekter.

Organisasjonen opplever at innføringa av landsstyret som består av fylkesleiarane fungerer godt, og bidreg til ein samla organisasjon som kan ta gode slutningar med brei forankring.

### Sentralstyret

Sentralstyret har hatt 8. styremøte i 2019. Dei har hand-sama rundt 50 løpende saker. Kvart 4H-fylke har hatt ein fast «ansvarssentralist» som dei har hatt kontakt med gjennom året. Dette er ein tovegs kommunikasjon der sentralstyret får info om kva som skjer i fylket og fylket får informasjon frå sentralstyret.

Sentralstyret og landsstyret har halde fram med å jobbe i arbeidsgrupper. I 2019 har vi hatt arbeidsgrupper på følgande tema: normalvedtekter for klubbar og fylker, diverse arbeidsgrupper på oppgåve fordeling mellom tilsette og tillitsvalde, arbeidsgruppe for vegen til plaketten, kommunikasjonsstrategi, ny digital prosjektplattform, profileringsgruppa og gruppa for nytt avviksystem. Vi har også eit økonomiutval og ei styringsgruppe for Gambia-samarbeidet.

### Norske 4H-alumnar (N4HA)

Jørgen Vaaden blei valt til leiar for Norske 4H-alumnar på årsmøtet deira, som blei halde på Nordisk leir på Bornholm i Danmark. Norske 4H-alumnar heldt vaksenleiarkurs i Trøndelag med mellom anna grunnleggande førstehjelp og psykososial førstehjelp, i tillegg til tips og triks som er relevant for leir og kurs, samt erfaringsutveksling. Kurset har leiarar på leir som målgruppe og hadde 30 deltagarar i 2019.

Per 31. desember 2019 var det 16 alumnklubbar, éin i kvart fylke (unntatt Finnmark), pluss NIFYEA (Norske IFYE-alumnar). Trøndelag har to alumnklubbar. Totalt var det 827 medlemmar i alumnklubbane per 31. desember 2019, som er ein nedgang på vel 12,2 prosent.





**4H er ein verdsomfattande organisasjon, og 4H Norge er ein del av denne spennande verda. Det finst mange internasjonale moglegheiter for 4H-arar.**

# Internasjonalt

## International 4H Youth Exchange (IFYE)

4H Norge hadde i 2019 samarbeidsavtale med Taiwan, USA, Tyskland, Austerrike, Sveits, England og Wales, Skottland og Nord-Irland.

4H Norge fekk besøk av seks tilreisande IFYE-arar, og det var tre som reiste frå Norge til ulike land på IFYE-utveksling. Utvekslinga er ei mogleiheit for dei mellom 18 og 30 år.

TILREISANDE IFYE-ARAR:

**6**

UTREISANDE IFYE-ARAR:

**3**

VERTSFAMILIAR:

**24**

## USA-utveksling

Sidan 80-talet har 4H Norge og 4H i USA samarbeidd om ei utveksling for dei mellom 15 og 18 år.

Utvekslinga er organisert slik at amerikanarane kjem til Norge i partalsår, medan vi nordmenn dreg til USA i oddetalsår. I 2019 reiste tretten 4H-arar samt to reiseleiarar til USA i fire sommarveker.

NORSKE 4H-ARAR TIL USA:

**13**

NORSKE REISELEIARAR TIL USA:

**2**

## Vertsfamiliar

24 familiar opna heimen for ein internasjonal 4H-ar i 2019. 4H Norge takkar alle familiene som bidrog og tok imot våre internasjonale vener i heimen. 4H hadde ikkje kunne hatt dei utvekslingsprogramma vi har, utan dei frivillige som stiller opp som vertsfamiliar.



Anna kvart år kan 4H-arar delta på studietur til 4H i Gambia.

### Rural Youth Europe (RYE)

RYE er eit europeisk samarbeidsorgan mellom organisasjonar for bygdeungdom i Europa. Tematikken på kursora og samlingane til RYE har i 2019 vore bygdeungdomen si deltaking og moglegheit til å påverke demokratiske prosessar i Europa.

4H Norge har hatt deltakarar på desse seminara: Study Session i Ungarn, høstkurs i Sveits og Junior Event i Danmark.

RYE-ARRANGEMENT	DELTAKARAR
Study Session	2
Høstkurs	2
Junior Event	1
General Assembly	1

### Europeisk IFYE-konferanse

Norske IFYE-alumnar (NIFYEA) arrangerte den årlege konferansen for tidlegare IFYE-arar på Hamar. Temaet var «Takk for maten», og rundt 200 deltakarar frå heile verda tok del i konferansen, der mange av studieturane var relatert til norsk landbruk.

### Gambia

4H Gambia har vakse seg store og påverknadsrike. Organisasjonen har til saman vel 10 000 medlemmar, fordelt på 65 4H-klubar og 16 barneskular, som får opplæring i organisasjonsarbeid, hagebruk og andre inntektsbringande aktivitetar. 4H-klubbane er viktige for heile landsbyen. All verksemld skjer i små landsbyar langt inn i landet.

Ei gruppe på 19 4H-arar, alumnar og reiseleiarar var på ein to vekers studietur til Gambia i januar, og to frå styringsgruppa var på prosjektoppfølgingsbesøk ved årsskifte 2018/2019.

4H Gambia har eit 4H-kontor med tre tilsette, samt tre 4H-instruktører som arbeider ute i felt.



**4H Norge sitt sentrale kontor flytta i 2019  
frå Hellerud gård i Skedsmo til Oslo sentrum.**

# Administrasjon

## Sekretariatet

I 2019 blei tilsettstrukturen endra i 4H, vi gjekk frå 8 regionar med regionleiarar for dei tilsette på fylkeskontora, til fire kretsar leia av regionkoordinator med fylkeskontora under seg. Det er også gjort fleire endringar i det sentrale sekretariatet med kutt i mellomleiarnivå og nye fagrådgivarstillingar. Dette har gitt meir kapasitet til de sentrale oppgåvene, ein tydlegare organisasjonsstruktur, men også meir oppgåver og ansvar til organisasjonsrådgivarane ute i fylka.

4H sitt sentrale kontor flytta også i 2019 frå Hellerud gård i Skedsmo kommune til Oslo sentrum. Vi takkar Norges Vel for godt naboskap i lang tid og ønsker alle venner av 4H velkommen innom det nye kontoret vårt i Schweigaards gate 34 A.

## Økonomi

Omsetninga var på 32 585 739 kroner, og resultatet viser eit overskot på 2 010 131 kroner. Likviditeten er vurdert til å vere god.

## Medarbeidarar

4H Norge hadde ved utgangen av året i alt 39 tilsette fordelt på 32,32 årsverk. Av desse har åtte kontorstad i Oslo, og resten held til på fylkeskontora rundt om i landet. 16,07 årsverk (organisasjonsrådgivarar og prosjektstillingar) er finansiert av fylka.

Nokre tillitsverk i 4H er også tilkjent ein viss økonomisk kompensasjon.

Signe Lindbråten er generalsekretær i 4H Norge.



Endring i tilsettstrukturen har gitt meir kapasitet til de sentrale oppgåvene og ein tydlegare organisasjonsstruktur.

## ÅRSVERK

**32,3**





4h.no